



Lindås Tomteselskap AS
Hagellia 4
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7333 - 14/25217

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
11.11.2014

Gbnr 137/59 Hordasmibakken, løyve til deling.

Eigedom: gnr.137 bnr.59 Alver
Adresse for eiged.: Hordasmibakken, 5914 Isdalstø
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap
Søker: Lindås Tomteselskap

Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap eig areal regulert til bustadføremål i Hordasmibakken plan ID 1263 – 2012 – 12. Det vert no søkt om å få dele frå 4100m² frå gnr.137 bnr.59. Det den delen av eigdommen som er regulert til bustadføremål. Heile 137/59 har eit areal på 5300m². Areal som ikkje vert delt frå er stort sett areal til veg. Frådelt areal skal overdragast til utbyggjar.

Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket ligg innafor området regulert til føremålet, reguleringsplan 1263 – 2012 – 12. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

Tilkomst:

Parsellen har tilkomst til kommunal veg, i samsvar med reguleringsplanen.

Vassforsyning og avløp:

Det er offentleg vatn og avløp på staden. Løysing i samsvar med reguleringsplanen.

Nabovarsel:

Det er ikkje naboar på staden som vert råka av tiltaket.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl §20-1, bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 4100m² frå gnr.137 bnr.59, slik det er søkt om og synt på kart stempla motteke i kommunen 04.11.2014. Arealet skal nyttast i samsvar med reguleringsplan.



Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og § 26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av 4100m² areal til bustadbygging i samsvar med reguleringsplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Delinga er i samsvar med godkjend bruk.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9.

Gebyr:

I samsvar med gjeldande gebyr vedteke av kommunestyret 20.03.14, gjeldande frå 31.03.2014m vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med godkjend reguleringsplan kr. 3700,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ